

---

Saknr: 2020/50697-1  
Saksbehandlar Ann Kristin Kjerland  
Dato: 14.05.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering og fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## St.Meld. 16 Nye mål i kulturmiljøpolitikken

### [Meld. St. 16 \(2019-2020\) Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, berekraft og mangfald](#)

Etter tilråding frå Klima- og miljødepartementet, vart ny kulturmiljømelding godkjend i statsråd 17. april 2020.

Meld. St. 16 seier at kulturmiljø er eit felles gode og ein viktig samfunnsressurs som kan bidra til både miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Meldinga presenterer tre nye nasjonale mål i kulturmiljøpolitikken, med vekt på engasjement, berekraft og mangfald. Med denne meldinga innfører regjeringa omgrepet "kulturmiljø" som nemning. Meldinga skildrar vidare status, utfordringar, moglegheiter og tiltak i kulturmiljøpolitikken. Mellom anna vil regjeringa utarbeide ei ny kulturmiljølov og strukturere og samordne bevaringsarbeidet for å nå dei tre nasjonale måla.

Fylkesutvalet i Hordaland (FU sak 2019/632-2) og fylkesutvalet i Sogn og Fjordane (FU sak 21833/19) leverte våren 2019 innspel til kulturminnemeldinga, der ein tok til orde for at kulturminne, kulturmiljø og landskap gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging skal medverke til berekraftig utvikling. Likeins at alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap. Desse momenta er vektlagde tungt i meldinga, og Faro-konvensjonen ligg i botn for ei heilskapleg tenking rundt engasjement og mangfald.

Vidare vert innspela om behov for tiltak som kan styrke handverkskompetansen møtt med lovnad om vidareføring og utvikling av etter- og vidareutdanningstilbodet for handverkarar innan restaurering og istandsetjing av bygningar og fartøy. Ein vil òg vurdere ei vidareføring av Bygg og Bevar, og Kulturminnefondet skal følgjast opp i tråd med intensjonane i Granavolden-plattformen.

Den nye kulturmiljømeldinga set menneska og demokratiske verdiar i sentrum for ei vidare forståing av omgrepet kulturarv. Med mål om at alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø, gjev det òg eit ynskje om auka deltaking og ei auka demokratisering av kulturmiljøfeltet. Vidare seier meldinga at «Kommunene, fylkeskommunene og Sametinget skal ikke bare gjennomføre statlig kulturmiljøpolitikk, men være selvstendige aktører med egne mål.»

#### Vedlegg

1 Stortingsmelding 16 Nye mål i kulturmiljøpolitikken